



Notat

Til:

Formannskapet

Frå:

Jan Erik Boge

Høyring av endringar i domstolstruktur - tingrettar og jordskifterettar

Saknr/Journalnr

22/1/22/849//JEB

Arkivkode

FE-060

Dato:

28.01.2022

Justis- og beredskapsdepartementet sende 26.01.2022 forslag om endring i domstolstrukturen på høyring. Departementet foreslår at strukturen for domstolane frå før domstolreforma 2021 i utgangspunktet blir gjeninnført. Høyringsfristen er 26.04.2022.

Departementet sitt forslag såvidt eg forstår innebera følgjande endringar for domstolstrukturen i området som Samnanger ligg i:

- Reversering av samanslåinga frå 2021 av tidlegare Bergen tingrett og Hardanger tingrett til Hordaland tingrett. Samnanger vil i så fall så vidt eg forstår bli liggjande under Bergen tingrett.
- Reversering av samanslåinga frå 2021 av tidlegare Nord- og Midthordland jordskifterett og Indre Hordaland jordskifterett til Hordaland jordskifterett. Samnanger vil i så fall så vidt eg forstår bli liggjande under Nord- og Midthordland jordskifterett.

Det er ønskeleg at formannskapet 10.02.2022 tek stilling til om Samnanger kommune skal gje høyringsuttale i denne saka. Dersom formannskapet ønskjer at kommunen skal gje uttale, vil rådmannen kunne førebu sak til andre møterunde 2022 i formannskapet og kommunestyret.

Høyringa er lagt ut på departementet sine nettsider,

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-av-endringer-i-domstolstruktur/id2898429/>.